



FISKERIDIREKTORATET
«Soa_Navn»

Innehavarar av matfisklokalitetar i sjø

Sakshandsamar: Else Marie Stenevik Djupevåg

Telefon: 47669548

Seksjon: Fiskeridirektøren

Vår referanse: 12/3130

Dykkar referanse:

Vår dato: 12.04.2012

Dykkar dato:

Att:

ENDRA KRAV TIL RAPPORTERING AV MOM-B GRANSKINGAR

Sidan 2005 har det vore obligatorisk for alle matfiskanlegg å gjennomføre ei trendovervaking av miljøet etter Norsk Standard NS9410:2007 eller liknande internasjonal standard. Etter kvar undersøking skal resultatet rapportert til Fiskeridirektoratet jf. Akvakulturdriftsforskrifta § 35. Sidan 2009 har det vore lagt tilrette for elektronisk rapportering via Altinn, og dei fleste rapportane kjem i dag inn på denne måten.

For å få på plass ei meir systematisk oppfølging av ordninga med trendovervaking vil Fiskeridirektoratet frå og med 1.mai 2012 krevje at all rapportering av MOM-B granskingar skal skje gjennom Altinn og at ein skal legge ved rapporten i PDF-format. Det vert og sett frist for rapportering til seinast 1 måned etter dato for feltundersøking. Slik vi vurderer det vil dette gje det kompetente organet tilstrekkeleg tid til å slutføre rapporten, og oppdrettsselskapet til å rapportere. Samstundes vert forvaltninga i stand til å vurdere rapporten og gjennomføre eventuelle tiltak innan rimeleg tid. Elektronisk rapportering fører til betre tilgjengeleg kunnskap om faktisk miljøstatus, noko som etter vårt syn er viktig for både næringa og forvaltninga.

For ytterlegare informasjon om elektronisk rapportering av miljøgranskingar via Altinn sjå www.fiskeridir.no.

Med helsing

Liv Holmefjord
fiskeridirektør

Jens Chr. Holm
direktør

Kopi til:

Fiskeri- og kystdepartementet	Boks 8118 Dep	0032	OSLO
Klima- og forurensningsdirektoratet	Postboks 8100 Dep	0032	OSLO
region Finnmark	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
region Møre og Romsdal	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
region Nordland	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
region Sør	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
region Troms	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
region Trøndelag	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
region Vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN